



Vaksdal kommune

TILLEGGSINNKALLING KOMMUNESTYRET

Møtedato: 27.10.2020
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 10:00 - 16:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Lin Tove Thomassen epost lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
80/2020	INTERPELLASJON TIL KOMMUNESTYRET - AKSON

22. oktober 2020

Hege Eide Vik
Ordfører



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
80/2020	Kommunestyret	PS	27.10.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	19/1345

INTERPELLASJON TIL KOMMUNESTYRET - AKSON

Saksopplysningar:

Frå Kjartan Haugsnes, SV, ligg det føre slik interpellasjon:

AKSON

Kommunestyret i Vaksdal gjorde slikt vedtak i møte 23.06.20 , sak 43/20

Kommunestyret gir si tilslutning til arbeidet med felles journal for kommunale helse- og omsorgstenester og signerer intensjonserklæringa for Akson. Vaksdal kommune følgjer oppmodinga til Helseminister Bent Høie og signerer intensjonserklæringa. Vaksdal kommune oppmodar staten til å ta større del av kostnadane enn dei 15,9 % som skildra i styringsdokumentet.

Etter at vedtaket vart gjort er det kome ei rekke oppslag i media kring prosessen Akson, og kven som skal betale for nyvinninga.

Kostnadene for prosjektet er no kome opp i 22 milliardar. Hausten 2020 var planen til regjeringa at ny E-helse lov skulle vedtakast og at med denne skulle ein legge til rette for ei investering på 11 milliardar kroner. Det er no ikkje fleirtal for ny e-hesellov og regjeringa krev ei ny kvalitets sikring av Akson – prosjektet, oppdatering av styringssystem og ein forpliktande avtale med kommunane før ein tar stilling til finansiering.

I statsbudsjettet for 2021 er det sett av 1340 millionar kroner til statleg del av Akson – over 10 år. Resterande midlar skal takast frå kommunane. Sit ein her med ei potensiell utgiftsbombe på 21 milliardar for kommune – Noreg?

Oslo kommune har allereie sagt nei og i fleire andre norske kommunar er det no debatt om saka. Formannskapet i Asker har til dømes gjort slikt vedtak:

«Asker kommune er bekymret for de økonomiske rammene som ligger i prosjektet. Asker kommune forutsetter at hovedansvaret for finansieringen er statlig, samt at staten bærer risikoen for eventuelle endringer i kostnadsoverslagene»

Det er knytt enorm usikkerheit til prosjektet Akson, finansieringa – om den i hovudsak skal gjerast av kommunane vil få store følgjer for ein kommune som Vaksdal.

Spørsmål.

Vil ordføraren ta initiativ til at saka kjem opp i kommunestyret i Vaksdal på nytt slik at kommunestyret kan ta stilling til dei nye opplysingane som har kome fram i media og forslag til statsbudsjett 2021?

Forslag til vedtak.

Kommunestyret ber om at sak om Akson, felles journal for kommunale helse- og omsorgstenester, vert handsama på nytt i møte i Vaksdal kommunestyre i desember 2020.